

## PROTOKOLL

### TILLEGG FOR FUNKSJON SOM KLINIKKSJEF

År 2011, den 19. desember, vart det halde forhandlingsmøte mellom **Sogn og Fjordane fylkeskommune** og **Den norske tannlegeforening** om fastsetting av funksjonstillegg for klinikkssjef og avklara prinsipp for utlysing og tilsetting i funksjonen.

Lokal særavtale er inngått med heimel i Hovudavtalen § 4.5. Avtalen erstattar frå 1.1.2012 tidlegare protokoll av 1. november 2007 om tillegg for klinikkstyrarfunksjon. Avtalen gjeld til 31.12.2012.

Desse møtte:

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Bent Rønnekleiv og Clara Øberg

Den norske tannlegeforening: Øystein Sivertsen, Åsta Vaim og Ingvild Boge

Etter drøftingar vart partane samde om årleg tillegg som følgjer:

Inntil 2 tilsette arbeidstakarar gjev tillegg på kr. 10 000,- pr. kalenderår frå 1.1.2012.

3-4 tilsette arbeidstakarar gjev tillegg på kr. 19 500,- pr. kalenderår frå 1.1.2012.

5 tilsette eller meir gjev tillegg på kr. 30 000,- pr. kalenderår frå 1.1.2012.


Funksjonen som klinikkssjef skal lysast ut internt. Alle grupper tilsette kan søkje denne funksjonen. Dersom elles like føresetnader skal tannlege ha fortrinnsrett. Når det gjeld tilsettingar og utlysingar følgjer ein elles reglane som er fastsett mellom partane i arbeidslivet, inkludert prøvetid i funksjonen.

Årleg Justering:

Tillegg for funksjon som klinikkssjef vert justert årleg med same gjennomsnittlege prosentauke som tannlegegruppa i kap. 5.2 forhandlingane. Første justering pr. 1.1.2012.



Bent Rønnekleiv  
Sogn og Fjordane fylkeskommune



Øystein Sivertsen  
Den Norske tannlegeforening